



KJÆRE ELEV,

Alle er forskjellige, liker forskjellige ting og uttrykkjer seg på forskjellige måtar. Dette påverkar dine og andre sine grenser og måten vi gir og forstår samtykke på. Derfor er det fint å lære litt om nyting og kva som kan skje i kroppen når du blir tent. Samtidig er det bra å tenkje litt på og snakke saman om korleis du kan kommunisere med andre om kva som kjennest fint og greitt og ikkje greitt for akkurat deg.

Det kan vere utfordrande å forstå kvar andre sine grenser går, og det kan vere utfordrande å vite kvar dine eigne går. Somme gonger kan det gå så fort at du ikkje merkar at du har gått over grensa til nokon, eller di eiga, før etterpå. Derfor er det viktig å reflektere over grenser og samtykke og lære deg korleis du kan vere merksam på dine eigne og andre sine grenser.

Samtykke betyr eigentleg løyve til å gjere noko med ein annan person. For eksempel kan vi ikkje kysse ein annan utan å ha samtykke, eller ta på andre utan samtykke. Det er berre personen det gjeld, som kan gi samtykke, og det er berre den personen som har autonomi over kroppen sin. Når ein er under 16 år, er det likevel framleis somme ting ein må ha løyve frå foreldra sine for å gjere med kroppen sin – for eksempel når det gjeld helsehjelp. Men det er berre du som bestemmer om nokon kan ta på deg.

Mange tenåringar kjenner på følelsar av forelsking eller lyst. Somme er interesserte i menneske av eit anna kjønn – då er ein heterofil. Somme forelskar seg i same kjønn, då kan dei for eksempel vere homofile eller bofile. Somme forelskar seg i både jenter og gutter eller ikkje-binære (dei av oss som ikkje kjenner seg som verken gut eller jente), og er bofile eller panfile, og somme forelskar seg ikkje i det heile tatt og er aseksuelle eller aromantiske.



TIL ELEVANE

8.-10. trinn

Transpersonar er menneske som ikkje identifiserer seg som det kjønnet dei blei tildelt ved fødselen, altså jente eller gutt. Transpersonar er like mykje det kjønnet dei identifiserer seg med, som cis-personar er (dei som identifiserer seg som det kjønnet dei blei tildelt ved fødselen). Kjønnsidentiteten til alle gruppene skal respekterast like mykje. Alle kjønn kan bli seksuelt ophissa eller kåte, og somme er meir kåte enn andre.

Seksualitet er med andre ord eit vidt spektrum, og du treng ikkje å bestemme deg for kva seksualitet du har – du kan vere akkurat som du er, og heller kjenne på kven (om det er nokon) du blir forelska i.